

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Sør-Trøndelag.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Rissa.

Emne: Ard og Plog.

Bygdelag: Kreknesgrinda i nedre  
Rissa.

Oppskr. av: Johan A. Dybdal.

Gard: Kreknes.

(adresse): Rissa.

G.nr. 82 Br.nr. 11 og 24.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røysnle. Minne, utsegn og oppteikningar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ja.

Ja, på ein skilde gardar, men her på garden og dei fles= tu elles nyttar hestehakke med ein skild, dobbelt eller A tredobbeltskjær.

2. I minneleg tid har ingen her i bygda nytta ard til å smuldra kornåker-jorda med, og heller ikkje til å mulda ned kornet med. Det vart brukt grev eller harv både til å jamna plogenaden med og lik eins til å mulda ned kornet. Om lag på alle husmannsbruk og småbruk elles jamna dei åkeren med "grev", og med grevet hekta dei og ned kornet. Med grevet hekta dei hel eller furor til poteten, og hekta muld over etter settinga og frøyninga (gjødslinga).

3. Ja, til både deler.

Folk i bygda skil ikkje millom ard og hyppe=plog.

4. Typene 1--3 er ukjende her. Det er type nr. 6 som enno er i bruk her. Type nr. 15 og 17 med ein skild skaft finst også i bruk her.

5. Ingen her nyttar skjær lenger på ard, men før kan henda. Dei bruker skakkler av tau eller kjetting. Treskøkklar med ein led vart nytta førstundes.

6. Ein ard har ås, skaft (einskilt eller dobbelte) restill, skjær, veltefjøl, såle, haldjarn, og på ein=

skaftardar stag. Dessutan dragkrok på framenden av ardåsen.

Skøkklar er namnet på draggegna no for tida.

Tidlegare var det drag av trearmar utan ledd.

7. Nei, i grunnen ikkje ymse typer skjær, men vari= antar i breidd, lengde, skjefting o.s.b.

Ja, skjærbreidda kunne vera så ymse på dei ymse gardar. Dertil kom at gamle makslar vart vraka eg nye tekne i bruk. Men typen har ikkje skifta mykje i utsjånad.

8. Ja, arder med "stilling"<sup>i side</sup>, for veltefjøla er brukt eg brukest her i bygda.

9. Nei.

10. Djupgangen kan regulerast ved melfoten, som sit på framste halvdelen av ardåsen. (Ingen av arde teikningane har melfot). Regulator som på fig. 3c er ukjend her. Jfr. melfot eller melfjhul på ein vanleg, møerne pleg. Slik har ~~xx~~ vi eg melfoten på arden.

11. Tvillaust er slike typer nyttta her og før i tida men har før lengst gått ur bruk. Sjølv har ikkje treft til å sjå desse teki til vares på noken gard her. Arden var skynleg nyttta til dei same arbeidsmål før som no, nemleg dei to hovudarbeid: å arda opp render og til hypping. Til settinga hørde eg at ein nyttta arden til å arda ned (over) poteten.

Veltefjølene var av jarn, dei eg har set, men dei første potetdyrkara her i landet brukte truleg trearder, der berre skæret og knapt det og var av jarn.

Arden har opphaveleg ikkje hatt restill.

Hovudbaten med restill på arden er at han går meir stødig i side.

12. Det var før det næste bygdesmedene som laga ardene. I den siste tid har verkstader levera dei.

## Ard og plog.

13. Ja, praktisk talt kan ein seia, at dette <sup>no</sup> er berre fabrikkplogar (fabrikksmidde) som vert nytta.

Ein og annan "gjengangar" av heimegjorte plogar kan ein før eit hende sjå i bruk enno her, men om stutt tid vert dei borte frå plognadsarbeidet.

Det er alt 70 - 80 år sidan folk her i bygda tek til å bruke fabrikkлага plogar, og det har sidan auka med kvart.

Det var jamt 3 daler før ein heimsmidd plog i 70-80-åra. Kring år 1900 kr. 30,00 og ein tikrone meir før fabrikkplog.

14. Ja, typen er kjent her. Skafret eller handtaket er det mest sermerkte ved typen.

Det går segn om treplogar i bruk her, men på dei siste to hundre år har dei i vissa ikkje vortne nytta. Veltefjøl av jarn har det sidan stendig vært. Bein (flat) veltefjøl på plog har folk her ikkje høyrd gjete, men likevel på ard til nøker sein tid. Ploglæsten har i manns minne vært av jarn, han eg.

15. Ja, reinskning på veltefjøla lyt vi stundom bruke den dag i dag, når det er kleimen jord i ploglandet. Ein nytter helst grev, men også spade, som ein <sup>o</sup> kvile=stilling legg millom plogskaftha.

16. Ein velta og velter plogen til ~~daw~~ siden veltefjøla er.

17. Har ikkje høyrd tale om det og heller ikkje sett det.

18. Ja, det var stundom å sjå på bakklendte gardar.

Føremålet var å få unnavelte i bakken, om ein pløygde både leider.

19. Djupna (tjukna) på fura eller oppvelta vart jamnast kring 4 tommar eller vel så det. Folk var redde for pløygja djupt. Djupgangen vart regulera med

moldfoten, som sit frampå plogåsen og var (er) stillbar i vertikalen.

20. Ja, det var alltid restill, etter det eg har høyrd.

21. Ja, slike "ristarar" eller ristarplagar brukest framleis her i bygda ved nylandsplognad og onnor seig og stinn jord. Det lettnar plogtrekket og varslar for stein og trerøster.

22. Ja, plogdråg nyttet framleis. Liten låg og stutt sleda utan jarnstenger under meiene.

23. Eg har høyrd tale om Jarlsbergplogen, men aldri sett han. Det kan vera at dei har nytta han på Reins klester, grannegarden min. Noko visst veit eg ikkje om det.

Med plog meiner ein her ein reidskap som velter jorda (plogvelta) berre til ei side. Ein skil millon vinstreplag og høgreplag. Dei siste er dei vanlege. Ein har og no serskilde "bakkeplagar" med stilbar veltefjøl.

Med ard (uttale al med tjukk l) meiner ein alltid ein reidskap som velter molda til både sider i eit og *same* trekk.

Plog vert uttala plog med tjukk l.

Ordet ard er hankjønn i bygdemålet.-

Rissa den 9. mars 1948.

Vyrdsamt  
Johan A. Dybdal

1384

NORSK Etnologisk Gransking